

1. Høyringsinnspel er sendt inn av: (Namn på person, gruppe e.l) *

Eirik Daniel Fatnes

2. Del 1: BARNES BESTE VURDERING: Er de samde i vurderingane av det som er vekta høgt i den gjennomførte barns beste vurderinga, og det som har lågare vekting?

- Ja
- Nei
- Det er delte meiningar i saka (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Anna (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Veit ikkje

3. Kommentar til svar Barns beste vurdering

Eg syns det er vanskeleg å forstå dokumentet. Det er bygd opp med forankring i loverk og metode som er brukt. Så er det ei opplisting om alle ting som er bra for born. Få er nok usamde i at t.d «alle born har rett på eit trygt og godt læringsmiljø». Barns beste vurdering framstår som sær generell noko som gjer at konklusjonen til gruppa ser ut til å vera tatt ut av «lause lufta». «Nytt bygg er meir moderne, fleire ungar i samme bygg gir større mangfald, alle lærarar i barneskulen stua inn i eit bygg gir størst fagleg mangfald». Dette er sjølvstøtt ein elementær slutning av å auka elevtalet. Skal ein følgje denne tankerekka heilt ut så bør målet vera størst mogleg skular. Og det har vel ikkje forskinga vist at nødvendigvis er det beste? Og kva med påstanden om at ein ny storskule vil gi «eit trygt læringsmiljø». Kva med fordelene med nærskulen? Kor er den vurderinga frå gruppa? Det bør tas ein ny runde på barns beste vurdering for å få eit godt vurderingsgrunnlag.

4. Del 2: NÅ-BILETET: Opplever de at nå-biletet/beskriving av situasjonen, slik det kjem fram av rapporten til Norconsult, gir eit realistisk bilete av sliK tilbodet er i barnehagane og skulane våre?

- Ja
- Nei
- Det er delte meiningar i saka (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Anna (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Veit ikkje

5. Kommentar til svar NÅ-biletet

Det er lagt for stor vekt på kvantitative mål. Kvalitative målsetningar burde blitt løfta høgare opp. Norconsult har i rapport og i presentasjon løfta fram negative sitater i for stor grad. Dette er med og farger ei vurdering som skal vera mest mogleg nøytral. Tekniske feil som kapasitet på Austarheim skule skjemma rapporten. Her burde kvalitetssikringa frå administrasjonen i Sauda kommune vært betre.

6. Del 3: FRAMTIDSBILETET: Meinar de framtidsbiletet gir ei god framstilling av kva som bør kjenneteikna barnehage- og skuletilbodet i Sauda?

- Ja
- Nei
- Det er delte meiningar i saka (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Anna (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Veit ikkje

7. Kommentar til svar framtidsbiletet

Dei 6 punktene som er lista opp er gode strekksmål. Å bruke begrep som framtidsbilete syns eg er misvisande. Dette er meir som ein visjon – noko som me jobbar mot, men som ein ny stor skule ikkje vil nødvendigvis oppfylla. Så saknar eg minimum eit mål: økonomi. Einkvar bedrift eller kommune må forhalde seg til økonomi. Oppvekstsektoren må drivast effektivt og den opererer heller ikkje i eit vakum. Tiltak i oppvekst gir konsekvensar for dei andre tenesteområdene til kommunen. Og dette er den store elefanten som ikkje er drøfta enda. Korleis vil dei folkevalgte prioritera om ny storskule medfører store kutt i t.d Helse og Velferd (som me må kutte i uavhengig av nyinvesteringer grunna demografien vår..)?

8. Del 4: GAP-analyse: Er de samde i dei vurderingane referansegruppa og prosjektgruppa har gjort i GAP-analysen?

- Ja
- Nei
- Det er delte meiningar i saka (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Anna (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Veit ikkje

9. Kommentar til svar GAP-analysen

Eg har ikkje tid og kompetanse til å gjera ein GAP-analyse for alle våre kommunale barnehagar og barneskular. Det eg merker meg er resultatet frå vurderinga. Dette er ikkje ein GAP-analyse som gir differanse mellom nåsituasjon og framtidig situasjon med ein stor barneskule. Den gir differansen mellom dagens situasjon og ein ønska framtidig situasjon. Ref svar på siste spørsmål så er dei 6 måla meir som ein visjon enn konkrete mål ein kan oppnå. Om ein gjer ein GAP-analyse for alle barneskular i heile Noreg så vil eg anta at ingen vil få score «mørkegrønn». Få får farge «grønn». Majoriteten vil vera gule og oransje (ein kan anta normalfordeling. I denne saka kor «ønska situasjon» er meir rein visjon må ein anta at normalfordelinga er skeiv med størstedelen i venstra halvdel mot oransje/raud). At både barnehage og skular scorer gul (middels differanse mellom nå-bilete og ønska situasjon) med eit par grønne boksar gjer at me er der me skal vera. Me driv gode skular og barnehagar i Sauda i dag. Og det utan å ha investert ei krona i nye eller oppgraderte bygningar.

10. Del 5: BARNEHAGE. Er de samde med kommunestyret sitt vedtak for barnehage? (Vidareføre dagens barnehagestruktur, alternativ 0, i påvente av avgjerd om framtidig skulestruktur. For fullstendig vedtak, sjå saksframlegg)

- Ja
- Nei
- Det er delte meiningar i saka (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Anna (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Veit ikkje

11. Dersom de svarar nei, delte meiningar, eller anna, kva alterantiv ønskjer de?

- Alternativ 0 +: Dagens organisering (med oppgradering)
- Alternativ 1a: Leggje ned Leabøen barnehage
- Alternativ 1b: Leggje ned Rustå barnehage
- Alternativ 2: Ein kommunal barnehage, ved å byggje på ein av dei eksisterande
- Det er delte meiningar i saka (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Anna (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)

12. Kommentar til svar barnehagestruktur

Eg meiner at det er gjort ein feil ved å ikkje sjå på heile barnehagesektoren i Sauda. Ved å ikkje inkludera Brakamoen i likninga så er faren for å fremma suboptimale løysingar større. Gå i dialog og sjå på mulegheit for å gjera Brakamoen kommunal. Når det er på plass så kan ein gjera ein ny vurdering av barnehagestruktur.

13. Del 5: SKULE; del 1. Er de samde med kommunestyret sitt vedtak for barneskule? (Sauda skal i framtid ha ein felles barneskule. For fullstendig vedtak, sjå saksframlegg.)

- Ja
- Nei
- Det er delte meiningar i saka (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Anna (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Veit ikkje

14. Kommentar til svar skulestruktur, del 1

Eg er ikkje i mot endringar eller ein ny storskule. Det me har i dag har gjennom denne prosessen vist seg å vera bra. Å bygge ein ny storskule er eg sikker på og blir bra. Det eg reagerer på er ordlyden i forslag frå komdirektør og posisjon: «Sauda skal i framtida ha ein felles barneskule». Å konkludere etter å ha utført ein muleghetsstudie er særst rart. I alle større bedrifter så er det vanleg å ha ein etablert prosjektgjennomføringsmodell som strekker seg frå tidlegfase studie til investeringsbeslutning. Me er nå ferdig med fase 1. Resultatet frå fase 1 viser at det er interessant å gå vidare med alternativet med ein stor barneskule. Det naturlege er da å initiere eit forprosjekt. Ikkje konkludere med at «Sauda skal i framtida ha ein felles barneskule» før ein veit alle konsekvensar av tiltaket. Ein slik ordlyd tryggar ikkje meg ved at prosessen framover får den objektiviteten den har behov for.

15. Del 5: SKULE; del 2. Er de samde med kommunestyret sitt vedtak om at fram til det kan etablerast ein felles barneskule, skal kommunestyret iverksetje 2a, ein skule for 1. - 4.klasse, og ein for 5. - 7.klasse. Tiltaket forutsetter at forprosjekt for ny felles barneskule er klar, særleg med omsyn til plassering. (For fullstendig vedtak, sjå saksframlegg.)

- Ja
- Nei
- Det er delte meiningar i saka (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Anna (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Veit ikkje

16. Kommentar til svar skulestruktur, del 2

Forslaget frå kommunedirektør framstår som kunnskapslaust og lite seriøst (er det tenkt om ein «lynveder» for å dra fokus frå felles storskule til ei drastisk mellombels løysing?). Norconsult frarår løysinga. Å vedta ei slik endring basert på ein større prosess kor ein kun er ferdig med forprosjektet (altså langt frå ein endeleg investeringsbeslutning) framstår som lite klokt. Eit sannsynleg scenario kan bli følgjande: Tiltak blir iverksatt etter at forprosjekt felles storskule er ferdigstilt. Prosjektering av ny storskule drar ut i tid og kostnadene blir så store at drifta til Sauda kommune ikkje kan bære kostnadene. Prosjekt felles storskule blir lagt død. Da sitter me igjen med ein løysing som få andre kommunar i Noreg praktiserer og som fagekspertane frarår.

Det som uroar meg er korleis kommunedirektør og posisjon påverkar omdømmet til kommunen vår. Me har i dag ein bustadsattraktivitet som ikkje er høg nok. Etablerte bedrifter slit med å skaffe kompetent personell til attraktive stillingar. Me har pågåande etableringsprosessar som kan medføre etablering av tresifra antall arbeidsplassar i kommunen. For å få folk til desse bedriftene må Sauda framstå som ein attraktiv plass å busetja seg. Dette forslaget er med på å spre usikkerhet om framtida i kanskje det viktigaste tenesteområdet for potensielle tilflyttrar. Det er uklokt og lite heldig.

17. Ope kommentarfelt for andre innspel

Høyringsperiode – det blir smått ironisk å lesa i Ryfylke om at komdir ikkje klarer å levera høyringsinnspel i ferien. Eg forstår han godt. Det er vanskeleg å bruka tid på å sende innspel i ein periode der tempoet elles går ned.

Prosess – sørg for å auka kvaliteten i prosessen vidare. Ta tid til å ikkje la høyringar gå i fellesferien. Informer godt om folkemøter o.l (her var det store mangler), sørg for å «streame» folkemøter. Me er i 2024. Kjør prosessen gjennom nødvendige steg før ein konkluderer.

Til slutt ein oppfordring til posisjonen. Basert på debatt i kommunestyre så er det lite spørsmål frå posisjon til kommunedirektør. Vær nysgjerrig. Våg å still kritiske spørsmål. Det er ikkje alt som kommer frå kommunedirektørar som er 100% vasstett. Det veit eg frå eigen erfaring :)